



Folk først

Menneske er viktigare enn system.

Samfunnet vert utvikla gjennom
å satse på menneska.

Difor set Venstre folk først.

Finn Venstre i din kommune:

www.dinkommune.venstre.no



venstre

Viktigast for Venstre: **Skule. Miljø. Småbedrifter. Velferd.**

Venstre er Noregs sosialliberale parti. Vår politikk sameinar personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Vi legg særleg vekt på fire politiske hovudområde: Skule, miljø, småbedrifter og velferd.

Liberal politikk tek utgangspunkt i det einskilde menneske, og vi er utspring av rettferdige løysingar som gjev alle menneske fridom. Alle skal ha høve til å bruke evnene sine til beste for seg sjølve og samfunnet.

Menneske er viktigare enn system.
Difor set Venstre folk først.

Terje Breivik
nestleiar

Ola Elvestuen
nestleiar

Trine Skei Grande
leiari

«Vi er det liberale partiet i Noreg.
Liberale bryr seg.»



Ein skule for kunnskap og like moglegheiter

Ein skule for kunnskap og like moglegheiter krev fagleg sterke lærarar. Difor vil Venstre gje alle lærarar tid og ressursar til fagleg påfyll gjennom systematisk etter- og vidareutdanning. Vi vil ha ein god skule for elevane, difor satsar vi på læraren.

Framtida byrjar i klasserommet. Venstre vil ha ei storstilt satsing på skule, kunnskap og forsking, og dette er førsteprioritet i våre alternative statsbudsjett.

Forsking og utdanning er viktige føresetnadar for framtidige arbeidsplassar og velferd. Samfunnet må gje rom for dei skapande evnene til mennesket i både skuleverk, forsking, kultur og næringsliv.

Venstre vil:

- at alle lærarar skal rett og plikt til etter- og vidareutdanning. For oss er dette den viktigaste prioriteringa i norsk skule.
- innføre femårig allmennlærarutdanning og auke opptakskrava.
- fjerne tidstjuvane i skulen: Gje lærarane høve til å bruke meir tid på elevane, og mindre på byråkrati.
- auke innslaget av andre yrkesgrupper i skulen, og gjennomføre eit løft for skulehelsetenesta.
- auke norsk forskingsinnsats til tre prosent av BNP innan 2013.

Abelia: Terningkast 5 for Venstre

Vurderinga frå Abelia av kor kunnskapsvenlege parti-programma for 2009 – 2013 er.

www.venstre.no/bestitest



Eit klimavenleg samfunn

Vi skal verne om naturen og miljøet for å sikre ei rein framtid for oss sjølve og for barnebarna våre. Det er krevjande, men gjev også nye mogleheter.

Noreg må ta dei avgjerande stega frå å vere ein gamaldags fossilnasjon til å bli ein framtidsretta miljønasjon. Noreg må vere i front med å satse på fornybar energi, samt utvikle og ta i bruk ny teknologi. Vi må skape grøne arbeidsplassar og gjere det både enkelt og rimeleg å leve miljøvenleg.

Vi vil ha ein utsleppsfree samferdslesektor med ein grønare bilpark. Det skal også løne seg å reise kollektivt, både økonomisk og tidsmessig. Betre kollektivtilbod gjer det enklare å reise og det er bra for klimaet. Difor vil Venstre ha eit betre, billigare og hyppigare kollektivtilbod.

Venstre vil:

- etablere verneplanar til havs og seie nei til oljeboring utanfor Lofoten, Vesterålen og andre sårbare område.
- nå Noreg sine klimaplikter (Kyotomåla) ved å kutte i nasjonale utslepp.
- erstatte fossil energi med fornybar energi, og reinse CO₂-utslepp frå gasskraft.
- satse offensivt på vindkraft, småkraft og annan fornybar energi .
- sikre sårbar og spesiell natur, samt systematisk kartleggje arts mangfaldet.
- gjennomføre eit grønt skatteskifte: Lågare skatt på arbeid, høgare avgifter på miljøfiendtleg framferd.
- korte ned reisetida med tog til 4 timer mellom dei store byane.
- redusere straumforbruket gjennom energieffektive bustadar og næringsbygg.

WWF Norge: Venstre får toppscore for miljøpolitikken

WWF Norge si undersøkjing av partia sine stortingsval-program 2009-2013. www.venstre.no/bestitest

Ei miljøvenleg framtid handlar om eit betre klima for **oss** og **borna** våre.



Eit kreativt og verdiskapande Noreg

Vi er opptekne av gode vilkår for sjølvstendig næringsdrivande og dei mindre bedriftene, fordi velferdssamfunnet er avhengig av eit nyskapande næringsliv. Dei framtidige arbeidsplassane er endå ikkje skapte. Difor treng vi ein politikk som støttar småbedrifter og gründerar.

Kunnskap er basis for det nye næringslivet, og difor er sat-singa på utdanning og forsking viktig. Venstre ynskjer eit nyskapande Noreg, der det er enklare å starte og drive eiga bedrift og skape nye verdiar og arbeidsplassar.

Gjennom skattestimuli vil Venstre sikre at meir av nyskapninga som skjer i etablert næringsliv kan omsetjast i nye produkt og arbeidsplassar. Vi må støtte dei som vågar å satse.

Venstre vil:

- styrke nyskaping gjennom forenkling, betre rammevilkår og sosiale rettar for gründarar.
- likestille sjølvstendige næringsdrivande med lønsmottakarar når det gjeld trygderettar og andre sosiale ordningar.
- kutte skjemaveldet slik at mindre og nystartat bedrifter får eit enklare regelverk.
- auke løyvingane til forsking og utvikling.
- fjerne formueskatten og arveavgifta.
- legge til rette for sosiale entreprenørar, slik at private kan levere gode løysingar til skule, helsevesen, barnevern og kriminalomsorg.
- innføre ordningar og fond som aukar tilgangen til risikokapital for gründarar.
- betre vilkåra for grønt næringsliv, slik at næringslivet ut frå rein eigennytte blir vårt viktigaste våpen i klimakampen.

NHO: Karakter 5 for Venstres næringspolitikk
NHOs vurdering av kva effekt partia sin politikk for 2009 – 2013 vil ha på vekst, verdiskaping og arbeidsplassar i næringslivet. www.venstre.no/bestitest



Vi vil la
gründeren
skape.

Varm velferd når du treng det

Vi meiner at eit velferdssamfunn vert best målt etter korleis vi tek vare på dei svakaste. I Noreg er det ikkje lenger viktigast å gje meir til alle, men å hjelpe einskildmenneske som verkeleg treng det.

Historiene om alle som ikkje får dei helsetenestene dei treng er for mange. Det gjeld eldreomsorg, psykiatri, rehabilitering og tilbodet til rusavhengige. Venstre vil ha meir velferd der du bur, og langt fleire helse- og omsorgstenester utført lokalt. Vi vil gje hjelpa næraust mogleg den einskilde borgar og pasient. Det er naudsynt for å få betre omsorg og verdigkeit for alle. Dette krev sterkare og større kommunar, sterkare lokaldemokrati og meir lokalt ansvar.

I Venstre er vi meir opptekne av om velferdstenestene er gode enn av kven som utfører dei. Målet vårt er ikkje å bruke private tenester i alle samanhengar, men det er ei rekke ideelle organisasjonar og private institusjonar som gjev gode omsorgstenester. Desse gjev eit verdifullt bidrag til det norske velferdssamfunnet.

Venstre og velferd

Venstre har arbeidd med velferdspolitikk gjennom heile vår partihistorie. Folketrygda vart vedteken etter vår modell i 1967, og Venstre innførte folkeskulelova som gav alle born lik rett til utdanning.

Venstre vil:

- styrke kommunane og gje dei større ansvar for helse- og omsorgstilbodet.
- satse på førebyggjing, mellom anna ved å styrke primærhelsetenesta.
- gje sjukeheims plass til alle som treng det, og styrke kvaliteten i sjukeheimane.
- etablere nye, styrka institusjonar i kommunane som kan avlaste sjukehusa, samt fleire rehabiliteringsinstusjonar.
- ta i bruk konkurranseutsetjing for å sikre brukarane og styrke kvaliteten på omsorgstenestene
- satse på eit kvalitativt godt barnevern ved å overføre ressursar frå BUFetat sine regionkontor til den kommunale barnevernstenesta.
- etablere lågterskelt tilbod på kommunenivå for psykologisk behandling utan henvisning.
- tilby rusavhengige behandling innan 24 timer etter avrusning og utvide tilbodet innan medisinsk behandling.
- redusere skjemaveldet i helse- og omsorgssektoren: Meir behandling, mindre byråkrati.



Varm velferd handlar
om **pasienten** og
den som gjev pleie
og omsorg.

Meir makt til lokaldemokratiet

Venstre vil gje meir makt til kommunane. Avgjersler skal takast så nært folk som mogleg, fordi borgarane sjølve finn dei beste løysingane lokalt. Lokaldemokratiet er bærebjelken i eit levande folkestyre. Eit reelt lokalt sjølvstyre vil kunne skape ulike løysingar basert på ulike behov.

Lokaldemokratiet er berebjelken i eit levande, ope tilhøve mellom veljarane og dei folkevalde, som igjen er ein føresetnad for at demokratiet skal fungere. Eit slikt lokaldemokrati gjev borgarane høve til å påverke avgjersler heile tida. Lokale folkevalde styrer på vegne av, og skal opptre som ombod for borgarane.

Venstre har 6 877 lokale kandidatar på sine vallister. Valet denne hausten er eit lokalval, og du kan finne ut alt om kandidatane våre og sakene deira på dei lokale nettsidene til Venstre.

Venstre har 6 877 lokale kandidatar ved valet i 2011.

Les meir om kandidatane i din kommune:

www.dinkommune.venstre.no (t.d. www.stavanger.venstre.no)



Vi treng deg på laget!

- Bli **medlem**! Venstre har medlemsauke for åttande året på rad. Bli med og skap vidare vekst ved å melde deg inn på www.venstre.no/innmelding/
- Vi treng din **frivillige innsats**: Meld deg som frivillig på www.venstre.no/skjema/frivillig
- Brukar du Facebook? Del gjerne artiklar frå venstre.no med dine vene. Bli tilhengjar av **Venstre på Facebook** (www.facebook.com/venstre.no) og følg **@venstre**, **@trinesg** og **@solumlarsen** på **Twitter**.
- Har du **blogg**? Skriv om dagsaktuelle tema og kva du og Venstre står for.
- Skriv **lesarinnlegg**! Ikkje ver redd for å skrive innlegg til lokalavisa om saker du bryr deg om, og skriv gjerne at du er medlem i Venstre.
- Delta på **Venstre-møte**! Vi treng aktive og engasjerte medlemmar. Kontakt ditt lokallag.
- Klikk deg inn på **www.venstre.no**! Bli kjent og oppdater deg på kor Venstre står i ulike spørsmål.
- Delta på **liberal.no**! Liberal.no er Venstres diskusjonsforum. Delta og møt politikarar, medlemmar og potensielle veljarar.
- Vil du gje **økonomisk støtte**? Vi treng ditt bidrag. Gjer det enkelt via internett: www.venstre.no/skjema/donasjon/

Sidan 2006 har medlemstalet i Venstre auka med 44 prosent.

Historie og ideologi

Venstre er Noregs eldste parti, og vart skipa 28. januar 1884. Johan Sverdrup, Venstres første leiar, stod i spissen for innføringa av parlamentarismen i Noreg.

Ideologien til Venstre er liberalismen. Den sosiale liberalismen voks fram på 1800-talet, med krav om ein aktiv stat for å skape sosial rettferd og reell fridom for alle. Då Venstre vart danna i 1884 var fridom for den einskilde og ansvar for kvarandre kjerna i liberalismen. Venstre fekk i stand viktige, liberale reformer som folkestyre, religionsfridom, juryordninga og allmenn røysterett. Partiet har gjennom heile si historie stått for store sosiale reformer, slik som innføringa av fellesskulen og likestilling mellom kvinner og menn. Den største sosiale reforma på 1900-talet; folketrygda, vart innført etter Venstre sin modell i 1967.

Framleis er det mykje som skiljer eit sosialliberalt parti frå andre. Til venstre for oss på den økonomiske skalaen ligg sosialisme og sosaldemokrati, som står for ein sterkt stat og sentralisert politisk styring. Dette står i vegen for fridomen og ansvaret til det einskilde mennesket. Til høgre ligg konservative og liberalistiske parti, som vil ha mindre fellesskap og politiske fellesløft, og som difor skapar grobotn for offentleg fattigdom og store sosiale skilnadar.



Venstre er Noregs sosialliberale parti. Ein liberal politikk er det beste utgangspunktet for å løyse framtidige utfordringar. Venstre prioriterer skule, miljø, småbedrifter og velferd.

Hald deg oppdatert – få nyhendebrev på

www.venstre.no/nyhetsbrev.

Finn Venstre der du bur:

www.dinkommune.venstre.no

(t.d. www.fredrikstad.venstre.no)

Venstre • Møllergt. 16, 0179 Oslo • Tlf: 22 40 43 50
Internett: **www.venstre.no** • Dialog og debatt:
www.liberal.no • E-post: **venstre@venstre.no**



venstre